



Kåre Vågenes  
Vågenesvegen 140  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/426 - 16/5007

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
13.04.2016

## Utsleppsak Gbnr 29/12, 29/57, 29/58 Vågenes øvre - søknad om utsleppsløyve

Delegasjonssak nr.: 082/2016  
Vedtak etter forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### Saksutgreiing:

**Adresse:** Vågenesvegen  
**Tiltakshavar:** Kåre Vågenes  
**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe.

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Søknaden gjeld utsleppsløyve for gnr. 29, bnr. 12, 57, 58, Utsleppsløyvet er knytt til ein eksisterande einebustad på gnr. 29 bnr. 12 og til to framtidige einebustader på gnr. 29 bnr. 57 og 58. Dette er ein del av reguleringsplanen for Havgard.

Det er søkt om dispensasjon for å plassere slamavskiljaren på eit areal som i reguleringsplanen er regulert til friområde.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.02.2016, supplert 12.04.2016 og 14.04.2016.

### Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 12-3 kan ingen setja i verk utslepp eller auke eksisterande utslepp utan at det ligg føre søknad og løyve til utslepp etter forureiningsforskrifta § 12-5.

Søknad skal handsamast etter Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune godkjent av kommunestyret den 01.09.2010 med heimel i Lov om vern mot forurensningar og avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 §9, jf. Forskrift om begrensning av forurensing (forureiningsforskrifta) av 1. juni 2004 § 12-6.

### **Planstatus**

Tiltaket ligg innafør området som i kommuneplan for reguleringsplan for Havgard er definert som friområde. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering ikkje i tråd med planen.

Det er søkt om dispensasjon for å plassere slamavskiljaren på eit areal som i reguleringsplanen er regulert til friområde.

### **Nabovarsel**

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Det er søkt om fritak frå nabovarsling av eigar gnr. 29 bnr. 10. Det er opplyst i søknaden at det er stor avstand til denne naboen og at han ikkje er råka i særleg grad. Elles er tiltaket nabovarsla i forbindelse med planarbeid i haust. Dispensasjonssøknaden er ikkje nabovarsla.

### **Reinsekrav**

Eigedomen ligg i eit område der det etter lokal føresegn §7 vert godkjent avløp til 9,5 m<sup>3</sup> slamavskiljar med tett leidning til sjø.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

### **Privatrettslege rettar**

Anlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyver.

### **Drift og vedlikehald**

Slam frå slamavskiljar skal tømmast av kommunen sin renovatør, alle slamavskiljarar skal kontrollerast av renovatør ved kvar tømming jf. lokal føresegn § 13 og forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafør ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova av Bergen og Omland Havnevesen før arbeidet kan setjast i verk.

### **VURDERING:**

## Nabovarsling

Radøy kommune har vurdert at det kan gjevast fritak for nabovarsling i denne særskilde saka. Naboar sine interesser ikkje råka i noko særleg grad og det var føreteke nabovarsling i samband med reguleringsplanarbeidet.

## Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan Havgard fjordferie, plan.id.: 12602013000300 med følgjande grunngjeving:

*«På grunn av at BFS 2 endar i ei bratt skrent langs sør-østre grenselinje vil det være ideelt å plassere slamavskiljar rett på utsida av tomtegrense. Her kan ein enkelt dekke til tanken, slik at den inngår som ein naturleg del av terrenget, og samstundes får ein da naturleg fall frå alle tre hus.»*

Med heimel i Plan- og bygningslova § 19-2 kan kommunen dispensere frå føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Kommunen kan ikkje dispensere dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå, eller omsynet i formålsføresegna vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å dispensere vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Radøy kommune si vurdering er at omsynet bak reguleringsplanen ikkje vert vesentleg tilsidesett som følgje av å plassere slamavskiljaren i friområdet. Slamavskiljaren kan dekkast til slik at den inngår som ein naturleg del av terrenget.

Vurderingstema vidare er om fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Fråveret av ulemper og ingen andre positive grunnar enn søkjar sin eigeninteresse er ikkje tilstrekkeleg grunn til å gje dispensasjon. Ynskje om å plassere slamavskiljar i friområde vil åleine ikkje vere tilstrekkeleg grunn til å gje dispensasjon. I saker der det ikkje er ulemper med tiltaket, eller desse har liten verknad skal det mindre tungtvegande grunnar til for å gje dispensasjon. Ulempene her er som i dei fleste andre saker faren for utholing av lovverket og faren for å skape presedens. I denne saka vil terrengetilpassing og naturleg fall for avløp vere vektleggjande for å kunne gje dispensasjon.

Teknisk forvaltning i Radøy kommune vurderer at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering og gjev med dette dispensasjon for å plassere slamavskiljaren som omsøkt.

## Dispensasjonsvedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

## Reinsekraft og plassering

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre i høve plassering og med krav til installering av 9,5 m<sup>3</sup> slamavskiljar med utslepp i tett leidning til sjø.

## Vedtaket:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve DISPENSASJON frå arealformål i reguleringsplan for plassering av slamavskiljar i areal som er regulert til friområde i reguleringsplanen for Havgard fjordferie på følgjande vilkår:**

1. Slamavskiljar skal plasserast og dekkast til med stadeigne massar slik at den er minst mogleg synleg og inngår som ein naturleg del av terrenget.

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 og Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune § 7 vert det gjeve UTSLEPPSLØYVE for 9,5 m<sup>3</sup> slamavskiljar for einebustad på gnr. 29 bnr. 12, 57 og 58 følgjande vilkår:**

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent 9,5m<sup>3</sup> slamavskiljar Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning ut i sjø som omsøkt og vist på kart. Avløpsanlegget skal utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune.
2. Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova av Bergen og Omland Havnevesen før arbeidet kan setjast i verk
3. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
4. Alt arbeid skal følgje føresegne gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

#### **Klage**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på innan tre veker frå mottaksdato, jf. forvaltningslova § 29 og forureiningsforskrifta § 12-15. Sjå vedlagt orientering om klagerett.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b.

#### **Gebyr**

Med heimel i forureiningslova § 52 a og gebyrregulativ vedteke av kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 17.2.1 a	Utsleppsløyve inntil 50 pe.	kr	4 500,-
KODE 9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealformål i plan	kr	9 700,-
<b>SUM</b>		<b>kr</b>	<b>14 200,-</b>

Gebynet skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

#### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje satt i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

#### **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest, jf. lokal føresegn § 4.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Radøy kommune er forureiningsmyndigheit og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget dekker kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. lokal føresegn § 14, forureiningslova kap. 7 og gebyrregulativ for Radøy kommune kap. 17.3.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheita oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. lokal føresegn § 14 og forureiningsforskrifta § 12-14.

### **Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 16/426

### ***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Kåre Vågenes

Vågenesvegen 140 5936

MANGER